

3-årig emneevaluering: GEOV322

Emne: GEOV322

Semester og år for gjennomført emneevaluering: Våren 2024

Navn på emneansvarlig(e): Jostein Bakke og Pål R. Nielsen

Innhold:

Beskriv og begrunn pedagogiske valg i emnet, reflekter over studentens læring som følge av disse valgene.

Kurset er undervist som eit studentaktivt kurs der studentane jobbar med å førebu ekskursjonen gjennom eit valfritt tal samlingar (normalt 5-8 samlingar). Underviser er til stades på samlingane men har ein meir passiv rolle etter kvart som studentane tek over ansvaret for eiga læring.

Studentane utarbeider ein ekskursjonsguide til ein valt stad og fordeler ansvar for dei ulike stoppene/lokalitetane som gruppa i fellesskap har blitt samde om å bruke. Det er eit krav at kvar av lokalitetane skal innehalde ein læringsaktivitet, samt litteratur/referanse til vidare lesing. Mykje av læringa skjer ved at studentane blir gitt ansvar for å gjennomføra ein ekskursjon og dermed moglegheit til å setta seg grundig inn i eit tema. Dei får også erfaring med å leia ekskursjonen, og dermed øving på å presentere i felt samt føre ein diskusjon om tema.

Oppfølging av tidlige evalueringer

Tidlegare år har studentane måtte utarbeidd essay, skrive feltjournal og utarbeida ein temarapport. No er det sett meir fokus på ekskursjonsguiden og at denne skal ha svært god struktur og innehalda grundige skildringar, referansar og aktivitetar som er relatert til tema. Studentane får også moglegheit til å oppdatere ekskursjonsguiden med relevant info som kjem fram under ekskursjonen etter turen er gjennomført.

Studentevaluering og andre evalueringer som er relevante for emnet

Studentevalueringer føreligg frå V-2024.

Erfaringer fra andre som bidrar i undervisningen på emnet, både studenter og ansatte

Denne rapporten er utarbeida på vegne av alle som har vært involvert i emnets undervisning og vurdering.

Strykprosenten på emnet – kurset har bestått/ikkje bestått

Rapport i Tableau: https://rapport-dv.uhad.no/#/views/SVP3Emnegjennomfring_1/Emnegjennomfringslister?:iid=2

Eventuell fagfelleevaluering

N/A

Vurdering av samsvar mellom emnets læringsutbyttebeskrivelse og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Kurset har mappeevaluering med bestått ikkje bestått. Vår vurdering er at det er godt samsvar mellom læringsutbyttebeskrivelse og vurderingsformen.

Vurdering av om framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med de fastsatte målene for emne og program

Me vurderer at framdrifta for opplegget er bra. Emnet har eit tett samsvar mellom dei fastsette måla for emnet og det tilhøyrande programmet. Dette er normalt siste faget som masterstudentane tek, og dei får moglegheita til å nytta metodar og kompetanse dei har tileigna seg gjennom heile graden.

I de tilfellene det er tilknyttet praksis eller arbeidsrelevans i emnet, skal det evalueres om ordningen fungerer tilfredsstillende.

N/A